



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Merknad - Melding om vedtak - del 1 - reguleringsplan - Klage - Alver - Fv 57 med gang og sykkelveg Linåds tettstad - Mongstad

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 28.03.23. Saka gjeld endring av reguleringsplan, etter klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO), i sak 20/1203 med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om reguleringsplan (detaljplan) for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad. Alver kommunestyre gjer vedtak 23.02.2023, sak 007/23, om å endre reguleringsplanen på nokre punkt. Mellom anna skal reguleringsplanen ikkje gå lengre enn til innmarka på gnr. 126 bnr. 1.

Konsekvensen av dette vert at det ikkje vert ein samanhengande gang-, og sykkelveg mellom Lindås og Mongstad. Administrasjonen peiker på at eit manglande tilbod på det om lag 500 meter lange strekket kan skape trafikkfarlege situasjonar. Det står i vedtaket av kart, føresegn og planskildring må reviderast. Det står ikkje noko om at ROS-analysen skal oppdaterast og vurdere trafikktryggleik på ny.

Eksisterande ROS-analyse vurderer at dette er ein ulykkesutsett strekning, men at planen vil betre tilhøva for trafikantar. Endring av planen, med å ta vekk den samanhengande løysinga kan endre vurderingane i ROS-analysen. Vi meiner ROS-analysen må oppdaterast, og at resultata av denne må leggast til grunn for vurdering av planendring. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget er for dårleg til å vedta å endre reguleringsplanen slik at ein ikkje legg opp til ein heilskapleg gang og sykkelveg etter intensjonen for reguleringsplanen. Vekting av ikkje prissette verdiar, som landbruk og naturmangfald, kan også bli annleis om planen sin samfunnsnytte vert redusert.

Vi vurderer at vedtaket er uheldig for måloppnåing til reguleringsplanen, og at ny løysing kan føre til trafikkfarlege situasjonar.

Statsforvaltaren er sterkt kritisk til vedtaket, men har under tvil valt å ikkje klage. Vi legg til grunn at vedtaket vil føre til ein ny planprosess, og at ROS-analysen og andre relevante plandokument vert oppdatert. Vi vil tar stilling til endringane, når vi får eit oppdatert planforslag, med oppdatert ROS-analyse på høyring.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN